Bosteder fra bronsealderen midt i europeiske II-traseen

Like over påske gikk to arkeologer fra Arkeologisk Museum i Stavanger i gang med grundige undersøkelser av et ildsted og flere stolpehull som er påvist nær Bokn kyrkje. Påvisningen av ildstedet, eller kokegruppene som arkeologene kaller slike funn, ble gjort i forbindelse prøvestikking i Europeiske II-traseen over Bokn.



«Vi regner med at vi skal få problemer med å bli ferdige med våre undersøkelser i selve rørløpstraseen før arbeidene med Europeiske II over Bokn begynner i mai,» sier konservator Mari Høgestøl ved Arkeologisk Museum i Stavanger til Gazette. «Mye kan tyde på at vi har funnet en hustomt, men det er altfor tidlig å si noe som helst om alderen på funnene,» sier hun, men nevner samtidig at analyser som er gjort av to tidligere boplasser påvist nær sjøen på Bokn, anslo alderen til 1600 år. Med andre ord at boplassene stammet fra det 4. århundre e. Kr, bedre kjent som bronsealderen.

«Fagfolkene fra museet trenger mer tid for undersøke hele området nær kirken. Det er også behov for å undersøke nærmere hvilken utstrekning funnet har,» sier hun.

Arkeologene bruker ulike måter å tidfeste sine funn. Det vanligste er å sammenlikne funnene med andre,

tilsvarene funn, og aldersbestemme ut fra likhet av gjenstander etc. Men alle tids-analyser moderne «mor» heter i våre dager karbon 14-analyse. Den blir betegnet som den mest pålitelige metoden. Det var denne metoden som ble benyttet ved analysen av funnene ved sjøen.

De forundersøkelsene som var varslet for et område på Sæbø, er nå avsluttet, uten at det ble gjort funn i rørløpstraseen som aktualiserer ytterligere utgravinger. Før anleggsarbeidene kommer i gang vil arkeologene fra Stavanger imidlertid ta ut prøver fra toppen av jordlaget for senere sikting.

«Vi fant en del flint i jordlaget under forundersøkelsen,» sier Høgestøl, men understreker at de ikke kunne påvise spor av noen fast boplass lenger nede i jordlaget.

Sakset fra Gazette

Europipe II over Falkeidflæet avgjøres av Kongen i Statsråd

Mye tyder på at Statoils søknad om å legge de første kilometrene av Europipe II fra Kårstø over Falkeidflæet blir avgjort av Kongen i Statsråd innen utgangen av april. Rent konstitusjonelt innebærer det at et samlet regjeringsskollegium avgir sine respektive departementers stemme for eller mot fiskeristatsrådets innstilling i saken.



FALKEIDFLÆET: Statoil opprettholder sitt hovedalternativ om kryssing av Falkeidflæet med Europipe II, men Fiskeridepartementet går imot. Saken kommer opp i Statsråd med det første.

- Statoil står ved sin opprinnelige løsning, sier prosjektdirektør Roar Jensen i Statoil, til Gazette. Han forventer spent på den endelige avgjørelsen på ankesaken, etter at selskapet både har gjennomført nye undersøkelser omkring de alternative rørtraséene og laget en egen konsekvensutredning for strekningen mellom Viervika på Bokn og Kårstø. I forbindelse med ankebehandlingen har Fiskeridepartementet fått alle de opplysningene som etter Jensens vurdering kan tilføre saken eventuelle nye innfallsvinkler.

Bakgrunnen for den løpende saksbehandlingen i og rundt Europipe II, var at Fiskeridepartementet ved Kystverket i fjor høst ikke ville godkjenne Statoils valg av trasé over Falkeidflæet. Årsaken til det var og er fremdeles at Kystverket anser det for risikabelt å legge en gassrørledning på havbunnen over et område som benyttes til ankring av større skip, blant annet skip som venter på å laste ved gassbehandlingsanlegget. Dessuten

har Falkeidflæet fra gammelt av vært benyttet som nødhavn under dårlig vær.

- Det bør i utgangspunktet være klart for alle som er opptatt av denne saken at det er Stortinget som har vedtatt at Europipe II skal bygges, på bakgrunn av alle de leveranseforpliktelsene som er knyttet til Trollavtalenene, sier Jensen, som frykter nye forsinkelser dersom ikke utbyggeren får avklart hvilken trasé Europipe II skal følge innen 1. mai.

Vanlig prosedyre i slike ankesaker er at sakene forberedes på en regjeringsskonferanse som avvikles torsdager, mens selve avgjørelsen blir tatt med Kongen til stede i Statsråd fredager.

- Dersom vår anke blir nedstemt i Statsråd, må Fiskeridepartementet veilede oss slik at vi sammen kan finne en akseptabel løsning på trasévalget, sier prosjektdirektør Roar Jensen.

Sakset fra Gazette nr.14


FØRESVIK STADION TRENG VEDLIKEHALD

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Det er på inneverande budsjett sett av kr. 200.000,- til rehabilitering av idrettsanlegget ved skulen. Bakgrunnen for det avsette beløpet, som er planlagt skal vera kommunen sin andel i eit tippemiddel-prosjekt, er ein befaringsrapport frå Rogaland Fotballkrets etter befaring av banen i fjor. Mange har sine meiningar om kva som bør gjerast med banen og området rundt, og det kan visa seg at behovsvurdering vil føra til eit mykje høgare beløp.


I følge rapporten bør banen pløyast opp og leggst om, luftast og utvidast til 100 m lengde. Målstengene og storleiken på måla er ulovlege, stengene skal m.a. vera runde. Det står også at banen er tett, noko mange ikkje er samde i. Regnet kan strøyma ned i dagevis utan at ein kan sjå det. Tvert imot må banen, som berre har ca. 10 cm med mold oppå ca. 10 cm med grus oppå steinfylling, ta godt unna for vatn. På ei anna side samlar vatnet seg på løpebanen i aust, og her kan me snakka om tett bane samtidig som grasmatta har einsidig fall. Det er heile 70 cm forskjell frå den eine langsida til den andre.

Det meste på stadionanlegget er til nedfalls, både grasmatte, løpebane og gjerdet rundt. Når dette blir skrive, ventar me på fagfolk som skal finna ut kva som må gjerast. Dessverre er det ikkje alltid dette går så fort. Arbeidet blir også sett i samanheng med planlegginga for skuleutbygging, barnehageutbygging og vurdering av areala rundt skulen og idrettsbanen. Den kontroversielle vegen mellom løpebanen i vest og husa til Borgenvik og Skår er på kartet igjen.



Blir det veg og tribune i dette området?

Bygdabladet har grunn til å tru at det er politisk fleirtal for at denne vegen til Boknatun skal gå der kor han er planlagd.



Sandmold med plenfrø foran eit ulovleg mål med fir-kanta stenger.

Ei nyleg oppmåling frå seksjon teknisk fortel om 7,73 m frå garden til Andreas Borgenvik til muren med løpebanen, noko som betyr at det er plass til både veg og fortau der. Då forsvinn "tribunen", og mange protesterer på det. Flytting av banen lenger aust har vore nemnt, både i samanheng med ev. for liten plass til vegen, og for å bygga opp ein skikkeleg tribune.

Det er venta at fagfolk m.a. kjem til å vera opptatt av å få takfall på banen, noko som er vanleg på fotballbanar. Dette går også fram av div. telefonsamtalar. Det vesle laget med jord og grus vil føra til at banen vil sjå kaotisk ut viss han blir pløyd opp.

Ei utviding på 10 m i sør er ikkje noko problem, heller ikkje nye mål. Dette arbeidet kan gjerast utan å flytta på løpebanen. Men viss ein ynskjer å flytta banen lenger aust for å laga tribune og få betre plass til vegen, må me kanskje setta ein null til bak det avsette prosjekt-talet. Det høyrer også med til historia at banen er 6 m breiare enn han treng å vera.

Planen er å så i nytt gras til hausten, men mykje tyder på at dette er å vera for optimistisk. Prosjektet kan bli stort, noko som i tilfelle krev enno meir førebuing og planlegging

Uansett kva som skal skje med idrettsanlegget, er det nyleg blitt utført ei grundigare sesongførebuing enn vanleg. Ein vårdag i april hadde dei kommunale tilsynsmennene og "lærlingane" deira, Jostein Aksdal og Bjarne Thuestad, hjelp av Trygve Alvestad og traktoren. Det blei køyrd ut kalksalpeter på grasmatta. Løpebanen blei "slodda" med "slodden" som blei laga den gong banen var ny.



"Vaktmeister-lærlingane" fv. Bjarne Thuestad og Jostein Aksdal får grasmatta til å sjå finare ut.

Då eg kom bort, heldt dei på med å tetta alle holene på banen med sandmold og sådde plenfrø oppi.



Med sandmold skal det visstnok gro fort. Heile 15 trillebårlass gjekk med til dette. Ugras er det lite av, for matta blei sprøyta for ugras i fjor. Banen skulle også få fullgjødning.

Arkitekt Stein Jarle Helgeland

seinare, m.a. etter klipping og merking.

Banen ser ikkje så aller verst ut på avstand når han får litt stell, men behovet for generelt vedlikehaldsbehov er stort. Kva som skal gjerast og når det blir gjort vil tida visa.

På neste side er illustrasjonsplan for utbygging rundt Boknatun og Bokn skule – alt. 4, teikna av arkitekt Stein Jarle Helgeland som er med plannemnda i dette arbeidet. Bygdabladet har fått løyve til å trykka illustrasjonsplanen.

SISTE NYTT FRA STATOIL OM EUROPIPE II OG ÅSGARD RØRLEDNINGEN


Største nyhet siden sist er inngåelsen 22.04.98 av kontrakten for byggingen av Europipe II og Åsgard Transport landrørledningen, gjennom henholdsvis Bokn kommune, Tysvær og Karmøy kommuner, med entreprenørfirmaet Selmer og de tre partnere, det danske Per Aarslef, og de to tyske selskapene Bohlen & Doyen og Ludvig Freytag. Den totale kontraktsverdien er 800 MNOK og inkluderer rørinstallasjon i landfallstunellen på Kalstø.

De arkeologiske undersøkelserne på Sæbø og ved kirken ble avsluttet i april uten nevneverdige funn. Dermed ligger alt til rette for at anleggsdriften kan foregå uten å forstyrre eventuelle fortidsminner i Bokn kommune. Folkemøte på Boknatun er planlagt holdt den 06.05.98 for å informere boknarane om hva som skal foregå i tiden fremover, og både Statoil og entreprenøren vil være til stede for å informere samt svare på spørsmål fra de fremmøtte.

Vi regner med at fra ca 15. mai vil Statoils personell, ca 15 stk. være etablert på Knarholmen i de nye kontorene som settes opp der, og at entreprenøren er godt i gang med mobilisering av mannskap og utstyr.

Jeg ser frem til et godt samarbeid med boknarane.

Odd R. Gresslien



STUBBAR OG ORIGINALE SVAR

- av Elisæus Vatnaland, lagt til rettes av Birger Lindanger -

Friing

Anna - som budde på Vatnaland sist på 1800-talet - hadde folk flest stor respekt og frykt for. Ho var dotter til Pål Plasset under Nora Grønnestad som både kunne stemma blod på folk som hadde skadd seg, spå om framtida og mange andre kunster som ikkje var for folk flest. Det same trudde dei om Anna som gjorde sitt til å leva opp til denne trua.

Anna hadde to tenestefolk, ein dreng frå Flekkefjords-kanten og ei jenta frå Sauda. Desse to tente i lag ei tid, og det gjekk til sist ikkje likare enn at ho blei med barn. Drengen blei rekna som ein gild, men ikkje modig kar og jenta kravde at han skulle gifta seg med henne. Men guten visste vel at om jenta nok var ei kraftig og dugande arbeidsmenneske så var ho attåt svært viljesterk og heller dryg i munnen. Difor var det visst at ho ville ta styringa.

Han trekte difor på dette med gifting, og jenta gjekk til Anna og klagde. Anna Pålsdotter tok då guten for seg og minte han om at ho kunne meir enn dei fleste. Dinest lova ho han mange slag ulykker livet til ende om han ikkje fylgde opp ansvaret sitt, gifta seg med jenta og var god mot henne. "Ja, eg får i Guds namn prøva me' na då" gav guten seg over.

Storstormen i 1813

Når det før hadde vore ein svær storm som det spurdest skade og ulukker etter, hørte Elisæus i barndommen - kring 1900 - ikkje sjeldan at eldre folk når dei tala om uveret etterpå, og andre storstormar tidlegare, også nemnde "11de mars". Dette hadde dei høyrte av foreldra eller besteforeldra sine - den verste skadestormen som nokon visste om.

Orkanen den 11. Mars 1813 kom som sleppt or ein sekk og var ein slik ulykkes- og skadestorm at han ikkje kunne samanliknast med noko anna "husavêr" som folk elles hadde opplevd. Det gjekk ikkje bare ut over heimehus, naust og båtar, også menneskeliv gjekk med.

Været var bra fyrst på dagen og somme drog på sjøen med "snøre" - den vanlegaste måten måten å skaffa seg matfisk på. Ein av dei var husmannen Jens Vågshaug, ein av dei fyrste der på plassen, og sonen hans. Dei rodde ut til

Lauplandsdjupet, eit gammalt fiskeméd, særleg etter kveite. Dei fann staden der Solholmane låg over kvarandre og Hedleskjeret låg over vatnlandsnausta i Lauplandsvågen.

Begge dei to var kjende som kjempekarar. "Jensamyrå" nærast Vågshaug er elles kalla opp etter denne husmannen. Vel utpå fiskeplassen sleppte orkanen seg brått laus frå land og med eit råk så det var uråd å sjå noko som helst. Mot dette veret nytta det lite med kjempekrefter, og dei to mennene blei sidan aldri meir funne.

Den gamle gråsteinsmuraren

Det er mange gamle steingardar å sjå i Bokn - både bøgardar kring heimebøane, skiftesgardar i innmark og utmark, gardar mellom innmarksteigar, hagegjerde og andre. Ikkje alle steingardane er lagde like godt opp, og ein kan ofte sjå slike gamle steingardar mykje til nedfalls mange stader.

Men nokre steingardar skil seg ut - både av utsjånad og av godt opplegg. Det er som ein aldri kan ta feil av at det må vera ein og same mannen som har lagt opp desse særprega steingardane. Men det er så vanskeleg å tru at bare ein mann med litt handtlangarhjelp til å skaffa fram steinen, kan ha vunne over alt dette arbeidet.

Det må vera fleire kilometer steingard som denne mannen er meister for. Det er eit stort livsverk som syner att. Og mannen heiter Helge Monsson Dagsland. Han kom til verda i 1834 som son til Mons, ein husmannsgut frå Breivik, og Gjertrud Helgesdotter Dagsland. Mons døydde ung og Helge laut tidleg ut og slita for heimen. Han var ikkje høg, men tettvaksen og sterk - "ein stabbe til kar"- som dei gamle sa. Helge hadde auga for korleis ymse laga steinar høvde i hop og på kvarandre - og det såg så lett ut for han å plassera dei. Også ei rekkje hus- og løemurar av gråstein var han meister for.

Når det ikkje var steinmurar å lø, sto han i med "opptak" og jordarbeid og fôr om vintrane på fiske - det kosta å fø ein familie på ni medlemmar. Det vart titt smalhans, og borna laut tidleg ut i teneste.

Meir om merkelege friarferder i neste nummer.

BARNESIDER

Bygdabladet beklager feil i to av oppgåvene forrige gong, 1c og 3c. I oppg. 1c hadde rutene i 6. rad forskove seg, og i oppg. 3c mangla to ord på 7 bokstavar. P.g.a dette vil dei same oppgåvene stå ein gong til. Me har likevel fått inn nokre løysingar. Desse er tilfredsstillande, og deltakarane vil vera med i trekninga i juni. Namnet på vinnarane vil stå i juni-nr. Me trekker ut tre vinnarar som kvar vil få ein extra-kupong i premie.

Oppg. 1 a

(Skriv også i rutene med tal i)

1	2	3	4

Vannrett/loddrett

1. Fugl
2. Lengdemål
3. Grønnsak
4. Ess

Oppg. 1 b

(Skriv også i rutene med tal i)

1	2	3
4		
5		
6		

Vannrett

1. Kj.redskap
4. Dufte
5. Tykk
6. Føle

Loddrett

1. Møbel
2. Skøyter vi på
3. Søke

17.mai

av Beate Are

Lise går finkledd ut på trappen,
med flott blondekrage oppover nakken.

Hun danser fint med heile kroppen.


Det er 17.mai i dag,
men det er ikkje så fint vær som det var.

For i går var det flott solskinnsvær,
men i dag er det bare dumt ruskevær

Frå skuleavisa Bokna Posten

Oppg. 1 c

Løysingsord




Oppg. 2

KODEKRYSS

1	2	3	4	5	6	5	7	8	5
9	1	5	7		5	10	5	7	
A	P	E	R						
4	11	5	5	10		10	8	7	7
11	5	7	12	5	7		3	8	
8	3		5	11	5	7	5	10	10
11		3	11	2	13	5		5	8
14	2		15	7	5	8	5	7	
	14	7	5	8		5	11	5	7
7	16	5		11	16	7	15		5
17	10	3	9	14	11		5	13	12

Oppg. 3 a

Her er det tre kvadrater. Kan du, ved å flytte fire fyrstikker, lage fire kvadrater?

**Oppg. 3 b**


Hvilken norsk by?



Mrs. Nilsen
Jungelvegen 2
MALERHILMEL

Oppg. 3 c

PUSLEKRYSS



2 bokstaver

DX, EL, EN, GI, NE, NY, TA, YR

3 bokstaver

ERT, GEN, REX, YEN

7 bokstaver

KONFEKT, KRYDDER, RUINERE, TILTALE
DESSERT, FERSKEN



TANKAR OM SKULEN FRÅ 1. KLASSINGAR



Det e kjekt på skulen.

Någen rase tingå mine. Det e'kje kjekt.

Endre Kro



Skolen e gøy. Det e mongen kjekke leker
der, og mer vett eg ikkje.

Janne Elin Vatnaland

ALLE BARN VITSER !!

av Helen Grønnestad & Henriette Øvrebø

Alle barna flyktet fra biene unntatt Sam, han var lam.

Alle guttene gjekk med skinnjakke unntatt Ole, han gjekk med kjole.

Alle barna danset lambada unntatt Kine, hun ville heller kline.

Alle barna kom over piggrådgjerde unntatt Rune, nå heter han June.

Alle barna gråt da læreren døde unntatt Gro, hun lo.

Frå skuleavisa **Bokna Posten**



**BARNEHAGEN
INFORMERER**



BOKN BARNEHAGE SYNG INN EIGENKASSETT


Det var med stor forventning av både born og vaksne, me venta på «mannen med utstyret», som skulle koma og høyra på oss når me song. - Og ikkje berre det, han skulle ta oss opp på kassett, ein heile kassett, berre oss !!!!

På føremiddagen kom han og rigga opp opptaksutstyret sitt. Ungane sette seg ned på benken og venta !

Og stemninga var på topp, heilt til det blei talt til tre: Ein, to tre.....



Normalt er lydnivået nesten som på Diskoteket, men ikkje i dag. Borna var heilt stille....eller hørde me nokon mumla??? Svein Fiskeseth frå Strand Media trykte på PC-en sin, og jammen hørde me at dei song.



Stian B. Høyland og Marius Sunde fekk prøva seg som solistar.

Og nokon store soloartistar blir kanskje oppdaga, det var då nokon som prøvde seg.

Med dagens teknologi blei mumling til song, og med litt ekstra lydeffektar som Fiskeseth hadde på PC, kjem dette til å bli den største musikk-suksessen på Bokn...trur me.

Når mikrofonane blei kobla ned, steig lydnivået til god gammal høgde, og me fant fram hørselverna igjen, og sitter med tankar om at mikrofonar, det må me kjøpa her i barnehagen.

På oppdrag i frå Bygdabladet hadde underteikna ein samtale med Svein Fiskeseth, som kunne fortelja at frå nyåret fram til sommaren skal ca. 3.500 born i Rogaland synga inn kassett, og ca. 50-60000 på landsbasis.

Det at songen blei «litt tam» er ein trend som kom når seksåringane forsvann inn i skulen.

Fiskeseth kunne òg fortelje om at han bare ein gong har måtta pakka sakene i ein barnehage med uforretta sak.

Når det gjeld salet av kassetane i barnehagen er dette over 100%. Det vil seie at det er meir enn ein kassett

pr. barn. I skulen er det noko lågare.

Så drog Svein Fiskeseth frå Strand Media for å rekke ferja, idet han oppfordra alle i Bokn til å kjøpa kassetten.

PS. Dersom nokon ønskjer å kjøpe kassetten, må de ta kontakt med barnehagen.

Pris er kr. 120,-.

Jarle Haakonseth
styrar/seksjonssjef

(foto: Linda Ognøy)

ÅRSMØTE I BOKN KRF.

Kristeleg Folkeparti i Bokn hadde årsmøte på Boknatun onsdag 28. Januar. Berit Helgøy Kloster var med oss på møtet. Ho tala om dei nære ting og sa blant anna: "Sjølvs om dei sosiale tenestene er godt utbygde her i landet må me ikkje gløyma å ta vare på kvarandre".

I året som gjekk var det serleg stortingsvalet som opptok oss, me vart det partiet som hadde mest framgang i Rogaland, og fekk frå Fylkespartiet ein fin premie.

Dei som stod på val vart attvalde.

Styret er samansett slik:

Leiar:	Sverre Øvrebø
Nestleiar:	Sigurd Johnny Svendsen
Kasserar:	Gunvor Øvrebø
Sekretær:	Ingrid Blikshavn
Styremedlem:	Harry Vågshaug

SUNDAGSSKULEN

på Kyrkjebygd skule blir søndag 24. mai kl. 14.00.



VÅRSKJEMT



VÅRGASS!

*Et gasskraftverk på Kårstø
det driter boknarane i,
for her på Bokn kjøres det
no' hevd og svineri
som markens grøde trenger
og bøndene får penger,
de andre de får bare
en grufull lukt i nesa si.*

Herman Lukstveit

MORGONSTEMNING

*Eg vakna ein dag,
eg trudde ho feis
ho som låg attme meg i senga.
Men du store mi tid
då vart ho'kkje blid,
og sa:*

"Det er bønder som skit på enga."

Arne Gardbruk



Karmsund Kraftlag

Kraftprisen settes ned fra 15. mai i år

Fra 15. mai i år settes flytende (variabel) kraftpris for kunder i
Karmsund Kraftlags forsyningsområde ned.

Ny kraftpris: 23,68 øre/kWh (13,5 øre/kWh uten avgifter)

Avgifter: Forbruksavgift 5,75 øre/kWh. Merverdiavgift 23%.

Det tas forbehold om avgiftsendringer.

Den nye kraftprisen gjelder inntil videre og kan endres med 14 dagers varsel.

PRESSEMELDING FRA DIREKTORATET FOR BRANN- OG EKSPLOSJONSVERN

Vurderer tiltak mot husdyrbranner


Myndighetene vurderer nå tiltak mot husdyrbranner i landbruket. I gjennomsnitt er det i Norge en brann hver uke der det går tapt husdyr av forskjellige slag. Med bakgrunn i et prosjekt som gjennomføres ved Norges Landbrukshøgskole på Ås parallelt med analyse av alle husdyrbranner i 1998, kan det bli aktuelt med regelverksendringer knyttet til bygningsmessig oppdeling, brannalarmering, slukkeutstyr og rømmingsveier.

Det er Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern og Statens Bygningstekniske etat som har tatt initiativet til gjennomgang av gjeldende regelverk. Prosjektet ved Norges Landbrukshøgskole foregår i samarbeid mellom de to etatene, Statens Dyrehelsetilsyn, Statens landbrukstilsyn og Norges Bondelag. Alle relevante forhold, også brannrisiko

og dyrenes lidelser, tas med i prosjektet som skal være ferdig allerede 1. april i år.

Resultatet skal sammenholdes med erfaringer fra et omfattende prosjekt som ble gjennomført ved Norges Landbrukshøgskole midt på 1980-tallet og en analyse av samtlige husdyrbranner i landbruket i 1998. Denne analysen skjer i et samarbeid mellom Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern, Statens Bygningstekniske etat Gjensidige Forsikring.

Rask overtenning i kombinasjon med lange avstander gjør at brannvesenet ofte ikke rekker fram i tide. Vi vurderer derfor i første rekke forebyggende, bygningsmessige tiltak. Endringer i gjeldende regelverk kan komme på tale, sier seksjonssjef Finn Mørch Andersen i Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern.



VI STØTTER

KULTURLIVET PÅ


HAUGALANDET



STATOIL

GASS Produksjon og Transport

På Egne Ben



Vårt Beste Boliglån for deg som er under 34 år

For at alle som er under 34 år skal ha en god sjanse til å etablere seg på boligmarkedet, tilbyr vi På Egne Ben. Det er vårt beste boliglån og innebærer at 90 % av boligens forsvarlige verdi blir finansiert på samme vilkår som innefor 60% av forsvarlig verdi.

Tilbudet kan benyttes én gang i livet, og eneste vilkår vi stiller til deg er at du har en BSU konto. Kontakt oss i dag for mer informasjon om På Egne Ben.

SpareBank 1 SR-Bank


BOKN

HAGEDAG!

*Lørdag 9. mai kl. 13.00
på Bokn skule*

- **Plantebytte**
- **Barneloppemarked** kl. 13.15 - her bytter barn leker, bøker, spill, osv.
- **Johan Sandvik** har med seg for salg:
 - Sommerblomster
 - Stauder
 - Grønnsakplanter
 - Roser
 - Grønne planter
 - Rhododendron
 - Klematis
- Salg av kaffi og vafler
- Utlodning ca. kl. 15.00

Alle er velkommen til Hagedagen!



Bokn hagelag

FASTEAKSJONEN 1998 - BRØD FOR VERDA -

Konfirmantane har i år samla inn kr. 9.771,-

Offer i kyrkja: 2.010,-

Til saman 11.781,-

STATISTIKK

1994: kr. 13.444,-

1995: kr. 12.722,-

1996: kr. 12.114,-

1997: kr. 9.957,-

BADEKAR M/2HK YAMAHA

påhengsmotor til salgs.

Noen justeringer nødvendig for drift.

Tlf. 52 74 85 01 e. kl. 16.00

BOKN HAGELAG

UTLEIGE

Plentrommel	kr. 0,- (medl.)
	kr. 75,- (ikkje medl.)
Tilhengar	kr. 75,- (medl.)
	kr. 150,- (ikkje medl.)
Plenluftar	kr. 75,- (medl.)
	kr. 150,- (ikkje medl.)
Jordfresar	kr. 100,- (medl.)
	kr. 200,- (ikkje medl.)

*Utstyret er hos Otto Fostenes
tlf. 52 74 82 44*

ETTERLYSNING!

Finnes det blant utgåtte medlemmer **grønne kjelerdresser** med Bokn Hagelag trykk som tilhører Hagelaget?

Har du en, levér den snarest, enten på Hagedagen, eller til Ragnhild Trosnavåg.

Bokn Hagelag

HYTTETOMT, HYTTE ELLER GL (SJØ)HUS

med utsikt til sjøen ønskes nå eller på sikt av familie frå Bryne.

Eg er arkitekt i planavdelinga i Time kommune, og har lang erfaring frå reguleringsarbeid. **Eg kan hjelpe med alle søknader, også til å få vurdert eventuelle tomter i det pågåande kommuneplanarbeidet.**

Ta kontakt dersom du trur at du kanskje kan hjelpe oss til å finne ein plass på Bokn.

**Peter Willman, Solheimsvegen 10,
4340 BRYNE**

Tlf. 51 48 01 41 (privat)
51 48 97 59 (jobb)

**NISSAN SUNNY 1,5 GL 85 MODELL
RIMELIG T.S. TLF. 52 74 84 02**

STØNAD TIL DELTAKING PÅ KURS - for lag og organisasjonar -

Driftsstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/konferansar som tar sikte på skoloring av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre for deltaarar frå lag og organisasjonar i Bokn kommune. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mottatt søknad.

I søknaden skal desse opplysningane stå:

- kurslengde
- arrangør
- program
- opphalds- og kursavgift
- utgifter til materiell og reise
- namn på kursdeltakarane frå laget

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til.

Tilskot kan ytast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inspirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbudet om å gjera det.



OVERSIKT OVER INN- KØYRING AV HELGEDAGAR

- Torsdag 21. mai (Kristi himmelfartsdag) blir køyrt fredag 22. mai.
- Mandag 01. juni (2. pinsedag) blir køyrt 02. juni

*Takk for blomster og
gaver til min 60 års-dag!*

Helsing Judith

BOKN BYGDABLAD

• UTGJEVAR

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf 52 74 85 00
Fax 52 74 86 90
Bankgirokonto 3373 07 00305
Postgirokonto 0806 56 84501

• BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang
Eli Kro
Reidun Grønnestad

• REDAKTØR

Jardar Havikbotn

• ABONNEMENT

Innanbygds kr. 100,- pr. år
Utanbygds kr. 150,- pr. år

• ANNONSEPRISAR

Halvside kr. 300,-
Kvartside kr. 150,-
1/8 side kr. 100,-
Små privata. kr. 30,-
Fastannonse etter avtale

• FRIST FOR STOFF

Den 18. i kvar mnd.

• FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm
frå Vikingtid (900 - 950 e.Kr.)

17. MAI 1997

Som tidlegare nemnt i Bygdabladet blir det ikkje folkefest om kvelden i år, og tradisjonelle festinnslag som prolog og festtale blir lagde inn i dagsprogrammet.

Olaug Hognaland vil halda prolog og Leif Vatnaland vil stå for talen for dagen. Elles kan det nemnast at Songkvartetten vil ha ein avdeling. Det vil bli servert laupskaus.

Nytt av året er tilbod om barneparkering for dei aller minste inne i eige aktivitetsrom.

Komitéen opplyser om at programmet blir sendt ut i posten i slutten av veke 19, veka før 17. mai-veka.

Jaktprøve for storviltjegerar

Trening:	(24. mai)	Skytingens dag
	Sundag 07. juni kl. 14.00 – 16.00	
	Onsdag 17. juni kl. 18.00 – 20.00	
Prøve:	Sundag 05. juni kl. 14.00 – 16.00	

B-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
4290 BOKN

KULTURKALENDEREN

MAI

- 08.-
10.: Speidartroppstur til Vigdarheim
- 09.: Hagedag/Barneloppemarked
Arr.: Bokn Hagelag
- 10.: Frelsesarmeen – Kaffimøte
Bokn bedehus kl. 19.30
- 16.: Lage oppsatser til 17. mai, Bokn skule
Arr.: Bokn Hagelag
- 17.: BORK – Barneriding og køyring
- Veke 22 – eksamensveke 10. kl. Bokn skule, gymsal opptatt
- 24.: **BORK – Ridetur for nybegynnarar og kurs i trening av hest, Ognøy kl. 12.00 (Arr. er flytta frå den 21.)**
- 24.: Indremisjonen, bedehuset kl. 19.30


JUNI

- Veke 23 – årsprøvar, Bokn skule – gymsal opptatt
- 03.: Basar – arr. Bokn sanitetsforening, Bokn skule kl. 19.30
- 05.-
07.: Ulve/meise-leir på Karmøy
- 07.: Møte NMS – bedehuset kl. 19.30
- 14.: Gideon – bedehuset kl. 19.30
- 14.: BORK – Grilling og gymkhana, turriding på Ognøy

ØYASTEUNET 14. JUNI AVLYST

p.g.a. for lite påmelde korps (berre 2 stk.)

styret i Bokn Musikkorps
v/Ingebjørg Larsen



MAI

- 10.: Gudsteneste kl. 11.00
- 17.: Gudsteneste **kl. 10.30**
- 31.: Gudsteneste **kl. 15.00**

FOTTERAPI

Kvar **fredag**. For påmelding
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00
Tysdag og torsdag kl. 9.00 – 15.30

Ordføraren er å treffa på Boknatun
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

LANDBRUKSKONTORET

Kvar **fredag kontordag i Boknatun**

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.
Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.
Kontakt Jakob Ullenes, 4150
Rennesøy
51 72 32 87 94 67 08 73

HELSESTASJONSDAG

Torsdagar 9-11.30. Elles etter avtale.
Eva Brunborg Svendsen
helsesøster